



Ørnulf Myklebust var ein av dei lukkelege fiskarane ved Uskedalselva i siste sesong. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Uskedalselva har ein livskraftig bestand av sjøaure og den positive utviklinga av ungfisktettheiter og sportsfiskefangstar av laks tyder på ein betra situasjon for laksebestanden.. Men det er usikkert om

denne auken skyldes rømt oppdrettslaks eller feilvandra villaks

Dette er konklusjonen i ein rapport frå eit team av fagfolk som har vurdert situasjonen for Uskedalselva som fiske-elv. Fagfolka trakk konklusjonen sist vinter etter observasjonar i fjor. I haust har dei gjort nye observasjonar, men dei kjem ikkje med ein ajourført rapport før materialet er vurdert utpå vinteren, får uskedalen.no opplyst.

Det er Svein-Erik Gabrielsen og Bjørn T. Barlaup frå LFI-Unifob ved Universitetet i Bergen og Einar Kleiven frå NIVA som står for vurderingane av fiskebestanden.

Vidare i fagfolka sin samla vurdering heiter det at overvakinga av fisk i den lakseførande del av vassdraget, som har gått føre seg sidan 2001, viser ein klar auke i ungfiskproduksjonen. I 2001 vart det registrert eit lågt antall laks. Tettheten av einsomrige laks i 2006 er den førebels høgaste som er registrert i heile perioden medan tettheten av eldre laks registrert i 2005 og 2006 var dei høgaste for heile perioden. Tettheitene av aure har vore relativt stabile i den samme perioden.

Det vart i gjennomsnitt fanga under 40 kilo laks på sportsfiske før kalkinga, mens talet etter kalkinga har vore over 200 kilo. Spesielt var fangstane av laks i 2005 og 2006 svært høge samanlikna med tidlegare fangstar. Fangstane i desse to åra var 362 og 335 kilo eller tre og ein halv gong så store som nest største fangst i 1977 (95 kilo).

Dei fleste laksane fanga i 2005 var smålaks, medan dei fleste laksane i 2006 var mellomlaks. Fangstane av aure var relativt stabile i same perioden. Det vart i gjennomsnitt fanga 217 kilo sjøaure i året på sportsfiske i perioden før kalkinga, mens det i perioden etter kalkinga vart fanga 210 kilo.

Det synest å vera ein klar samanheng mellom nedbørsperiodar og periodar der surheitsgraden på den kalka strekningen ligg under målet. Dette har samanheng med vannføringsrytmen i Børdsalselva, som er sterkt nedbøravhengig. Difor bør kalkdosen aukast systematisk om hausten – frå september til desember - nedanfor kalkdoseraren for å tilfredsstilla kalkingsmålet i Børdsalselva og nedover i Uskedalselva.

Av Ola Matti Mathisen



Leiar i grunn- og elveeigarlaget Kåre Vetthus har grunn til å glede seg over utviklinga i elva. Her blir han intervjuet av Egil Torheim frå NRK i sommar. (Foto: Ola Matti Mathisen)